



Fylkesmannen i Hordaland
Postboks 7310
5020 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/380 - 18/3403

Saksbehandlar:
Merethe Tvedt
merethe.tvedt@meland.kommune.no

Dato:
20.02.2018

Høyringsbrev - GBNR 42/45 - Søknad om dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel, LNF - Bruksendring av fritidsbustad til heilårsbustad - Eikeland

Saka gjeld :

Ved søknad journalført motteke 13.2.2018 har Fjeldstad & Sandvik Tømrerteam AS, på vegne av Gunnar Rasmussen, søkt om dispensasjon frå arealdelen til kommuneplanen – LNF, jf. plan- og bygningslova § 19-2, for bruksendring av fritidsbustad til heilårsbustad på Eikeland, gbnr 42/45.

Tiltaket er skildra i teikningar og situasjonskart vedlagt søknaden.

Planstatus:

Eigedomen er satt av til landbruk, natur- og friluftsføremål (LNF) i kommuneplanen sin arealdel (KPA). Eigedomen er opplista i tabell 9.2 i føresegnene til KPA over bygde fritidsbustadeigedomar som har status LNF- spreidd fritidsbustad.

Kommuneplanen sin arealdel er styrande for arealbruken og søknaden vert først vurdert i høve til den. I område lagt til LNF- spreidd fritidsbustad er mindre tiltak i tråd med eksisterande bruk tillat. Bruksendring av fritidsbustad til heilårsbustad krev dispensasjon frå kommuneplanen.

Søknad om dispensasjon:

Det er i skriv frå ansvarleg søker søkt om dispensasjon for frådelinga, sjå vedlegg. For grunngjeving av søknaden vert det vist til denne i sin heilheit.

Dispensasjon etter pbl kap. 1 og § 19- 2 :

Søknaden skal vurderast opp mot omsynet bak regelen det vert søkt dispensasjon frå. I § 1- 1 i plan- og bygningslova heiter det m.a.: Lova skal fremja berekraftig utvikling til det beste for den enkelte, samfunnet og framtidige generasjonar.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Dispensasjon kan ikkje gjevast dersom omsyna bak regelen det vert dispensert frå, eller omsyna i lova sine formål, vert sett vesentleg til side. I tillegg må fordelane ved å gje dispensasjon vere klart større enn ulempene etter ei samla vurdering. Ved dispensasjon frå lova skal det leggjast særleg vekt på konsekvensar for helse, miljø, sikkerheit og tilgjenge. Det skal også leggjast særleg vekt på statlege og regionale mål.

Kommunen bør ikkje gje løyve til dispensasjon dersom statlege eller regionale mynde har uttalt seg negativt om dispensasjonssøknaden.

Førebels vurdering, vidare saksgang, høyring:

Tiltaket er tilstrekkeleg gjort greie for til at dispensasjonsspørsmålet kan vurderast.

Frist:

Frist for uttale er 4 veker frå oversendinga, jf. pbl. § 21-5 (3).

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Merethe Tvedt
rådgjevar byggjesak

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

GBNR42/45 Eikeland - søknad om dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel
Kart
Oversiktskart_42_45

Mottakere:

Fylkesmannen i Hordaland
Hordaland Fylkeskommune

Postboks 7310
Postboks 7900

5020
5020

BERGEN
BERGEN